



## Notat

Til: Arthur Kleiveland, Jon Askeland

Kopi til:

Saksbehandler: Personalsjef/Kjetil Morken

Vår referanse: 16/887 - 1 / FE - 512

Dato: 12.05.2016

### **Emne: Tariffoppgjeret 2016 Hovudtariffavtalen - uravrøysting - orientering**

#### **Orientering til formannskapet om uravrøysting ved tariffrevisjonen 2016.**

##### **Forhandlingsløysing**

KS og forhandlingssammenslutningane har etter forhandlingar komme fram til ei løysning ved tariffrevisjonen 2016. Alle partar, KS, LO Kommune, Unio, YS Kommune og Akademikerne Kommune har anbefalt forslaget og resultatet vert sendt til uravrøysting.

Uravrøystinga vil i år foregå elektronisk.

##### **Uravstemming**

Svar frå medlemmene må være KS i hende seinast **måndag 30. mai kl. 12.00**.

Alle kommunar og fylkeskommunar samt bedrifter som er omfatta av hovudtariffavtalen, skal stemme i uravstemminga.

Den enkelte kommune/fylkeskommune/bedrift skal stemme ja eller nei til partane sitt anbefalte forslag.

KS anmodar alle om å svare på uravstemminga så snart som mulig, og seinast innan 30. mai kl. 12.00.

##### **Tilråding**

«Hovedstyret anbefaler medlemmene å stemme JA i uravstemningen.»

Uravrøystingsrundskrivet blei publisert 10/5 og varla om 11/5. Det er sett svarfrist til 30/5 kl 12:00. Av denne grunn har rådmanne konferert kort med ordførar og gjev tilbakemelding om urvarøystinga administrativt. Det blir orientert om saka i formannskapet 1/6 2016. Rådmann og ordførar oppfattar innhaldet i årets tariffrevisjon som lite omstridt og i tråd med dei signal og ønskjer som er kome inn i forkant av forhandlingane.

##### **Økonomisk ramme 2016**

---

###### **Post**

postmottak@radoy.kommune.no  
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

###### **Kontakt**

Telefon +47 56 34 90 00  
Telefaks +47 56 34 90 01

[www.radoy.kommune.no](http://www.radoy.kommune.no)  
Konto 3636 07 00776  
Org.nr. 954 748 634

Lønnsoppgjøret er fremforhandla innan ei økonomisk ramme på 2,4 prosent. Dette er det same som anslaget for årslønnsveksten i frontfaget. Lønnselementa består av sentrale lønnstillegg, overheng og anslag for lønnsglidning.

Det er ikkje sett av midler til lokale forhandlingar i 2016.

#### Årslønnsvekstramme 2015-2016, HTA kapittel 4

	Virkningstidspunkt	Årslønnsvekst 2015-2016
Overheng til 2016		0,6 %
Anslag lønnsglidning		0,2 %
Diverse tillegg	1.5.2016	1,6 %
Beregnet årslønnsvekst 2015-2016		2,4 %
Anslag overheng til 2017		0,9 %

#### Sentrale tillegg per 1.5.2016

Til ansatte med stilling i HTA kapittel 4 vert det gjeve sentrale lønnstillegg. På same måte som i forrige tariffperiode varierer lønnstillegga i storleik avhengig av arbeidstakarane sin lønsansiennitet og stillinggruppe. Tillegga « legges i sin helhet til den enkeltes årslønn». Lærarar og adjunktar får eit tillegg på 2,4 prosent av den einskilde si grunnløn per 30.4.2016. For lærarar med 8 og 10 års ansiennitet, og adjunktar med 10 års ansiennitet, vert det det deretter også et gjeve eit kronetillegg. Dette kjem fram av ein lønstabell frå framleggjet.

#### Leiarlønningar i KAP 4 med virkning per 1.5.2016

Ansatte i stillingskodane 7003, 7453, 7451, 7951 og 7954 får eit lønnstillegg på 2,4 prosent av grunnlønn per 30.4.2016.

#### Garantiordning for stillingar utan særskilt krav til utdanning

Ordning med lønnsgaranti etter 20 års ansiennitet, som var knytt til reguleringa av folketrygda sitt grunnbeløp, utgår. Ei ny garantiordning på 16-årstrinnet er innført. Denne vert regulert av partane.

#### Økonomi 2017

Som ein del av tariffoppgjøret 2016, er det også avtalt sentrale tillegg for 2017. utrekna årslønnsvekstramme frå 2016 til 2017 er om lag 2,2 %.

Fordelt slik:

#### Årslønnsvekstramme 2016-2017, HTA kapittel 4

	Virkningstidspunkt	Årslønnsvekst 2016-2017
Overheng til 2017		0,9 %
Anslag lønnsglidning		0,2 %
Diverse tillegg	1.8.2017	0,9 %
Midler til lokale forhandlingar (0,9 % per dato)	1.9.2017	0,3 %
Beregnet årslønnsvekst 2016- 2017		2,2 %

#### Vurdering

Rådmannen er nøgd med at oppgjøret er kome i hamn utan konfliktar og mekling. Dette vitnar om ansvarsbevisste partar som er interessert i ei felles god løysing.

Rådmannen vurderer at oppgjøret har ei ramme å leve med. Retning og profil har tatt med seg ein del av elementa som rådmannen har spelt inn i forkant av oppgjøret. Mellom anna opphør av garantilønsordning. Rådmannen meiner også at ei samordning av høgskuleløn mellom undervisningspersonalet og andre høgskulegrupper er fornuftig.